



Retningslinje brøyting og strøing kommunale vegar og parkeringsplassar Masfjorden kommune



Masfjorden kommune v/teknisk, miljø og landbruk, brøyting av kommunale vegar inndelt i 8 rodar .Masfjorden kommune har avtale med 6 brøytekontraktørar som heldt sitt eige utstyr for brøyting og strøing av vegar og plassar. Kontraktane er 5 årige, ny kontrakt haust 2023 og må halda nødvendig utstyr. Følgjande rodeinndeling vart vedteken 16. september 2004 og gjeld framleis. Dette dannar grunnlaget for anbodskonkurranse.

RETNINGSLINJER FOR BRØYTING;

Brøyting skal gjennomførast slik at roden er gjennombrøyta etter verdiane som er gitt nedanfor:

- Snødybde max 6 cm ved våt snø
- Ved tørr nysnø kan denne dybden aukast til 10 cm

Desse verdiane kan fråvikast under:

- Spesielt vanskelige kjøreforhold som ”slapseføre” eller drivsnø samt stort snøfall.
- Etter nærmare beskjed frå teknisk etat.
- Kommunen skal ha melding når ein ikkje klarer å halde desse verdiane

Brøytekontraktørar må sjølv halde naudsynt utstyr for å utføre brøyte- og ryddearbeidet på en tilfredsstillande måte. Brøytekontraktør som får tildelt brøyterode kan, etter søknad til kommunen, få innvilga forskot på inntil kr 100 000 til investering av eigna brøyteutstyr.

Innbyggjarane som ynskjer å få utført brøyting på privat veg, skal ha høve til å få dette utført hjå den som utfører brøyting på den aktuelle roden. Dette skjer ved at ein sjølv tar kontakt med brøytekontraktør og tingar tenesta som dei ynskjer. Dette er teneste den enkelte sjølv må ta kostnaden med. Det er då rimeleg at det vert fakturert for medgått tid.

Generelt for rode 1 - 8

I tillegg må det påreknast brøyting for heimetenesta i kommunen. Desse stadene vil variere frå år til år. Masfjorden kommune vil også utføre brøyting på desse vegane.

Mindre endringar i rodeinnhald kan førekomme i løpet av avtaleperioden. Større endringar i rodeinnhald er grunnlag for tingingar.

- Brøyting av skuleplassar og barnehagar må utførast særst varsamt. Dette er arbeid som kun bør utførast når borna er innadørs eller er under oppsyn av vaksne.
- Skade på eigedom, privat eller kommunal, er kontraktøren sitt ansvar og vert å erstatta av kontraktør. Dersom kontraktør ikkje utbetrar skade dei har påført før utgangen av inneverande brøytesesong, vert utbetring utført av kommunen og belasta kontraktør.
- Ta vekk brøytesnø ved inngangsparti ved alle kommunale bygg. Dette er særst viktig ved legekontor, sjukeheim, kjøkkeninngang sjukeheim, omsorgsbustadar Masfjorden bu – og aktivitetssenter. Det same gjeld inngangsparti og vegar for rørslehemma. Dette er tilhøve kontraktøren må gjere seg kjent med før brøytesesongen startar.

- Alle kommunale snuplassar, parkeringsplassar, møteplassar ved og på kommunale vegar, samt ved kommunale bygg er omfatta av brøyteavtalen. Dette gjeld då for den aktuelle roden desse ligg innanfor.
- Ved større snøfall der kontraktøren ikkje klarar å rydde vekk snøen i henhold til avtalen, må kontraktøren gje melding til kommunen slik at det evt. kan settast i verk tiltak.
- Kontraktørar som ynskjer å påta seg brøyte- og strøppdrag for andre enn kommunen, då med same utstyr, må syte for at det kommunale arbeidet vert prioritert fyrst, då dette er ein av grunnane til at kommunen betalar beredskapsgodtgjersle. Dersom kommunalt arbeid likevel ikkje blir prioritert i tråd med kontrakten, kan beredskapsgodtgjersla bli redusert.

RETNINGSLINJER FOR STRØING;

Brøytekontraktørar eller andre aktørar som vert tilbydd arbeidet med strøing av kommunale vegar må sjølv syte for å ha naudsynt utstyr til dette, dvs. eigna køyretøy med strøpparat.

Dette arbeidet er aktuelt når:

- **Det vert omslag frå kaldt vær med snø og isdekte vegar til mildvær og regn**
- Etter nærmare beskjed frå teknisk etat

Kommunen har rett til sjølv å utføre strøing på vegar som er omfatta av kontrakten i tillegg til andre vegar/snuplassar enn dei som står opplista i kartgrunnlaget for kontrakten.